

Saksframlegg

Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun, Fylkesrådmannen, Hordaland
Saksbehandlar: Ole Inge Gjerald, Fylkesrådmannen, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2015/1434-571

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda-AU		29.01.2018

Oversendingsforslag om nedsetting av valnemnd

Fylkesrådmennene rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Oversendingsforslaget vert lagt fram utan tilråding frå fylkesrådmennene.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn for saka

På møte i fellesnemnda, 18.desember 2017 sette **Nils Marton Aadland (H)** på vegner av H, V, MDG og Frp fram slikt oversendingsforslag til fellesnemnda sitt arbeidsutval:

«Det vert sett ned ei valnemnd som førebur val til utval under fellesnemnda. Valnemnda består av 5 politiske representantar, 3 frå posisjonen og 2 frå opposisjonen.»

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Fylkesrådmennene si tilråding

Fylkesrådmennene konstaterer at fellesnemnda allereie har sett ned og valt representantar i eit arbeidsutval og partssamansett utval.